

Innlegg frå Knut Byrkjenes Hauso på bondetinget 5. juni 2019

Ordstyrar, årsmøte og statsråd!

Som fruktdyrkar i Hardanger må det innrømmast at det har vore gode år dei tre siste åra. Vanlegvis så er me Hardinger eit stillfarande folkeslag som ikkje snakkar så høgt om eigne inntekter, men avlingane har jamt over vore høge med gode prisar. I tillegg har årleg auke i tilskot slått svært positivt ut på botnlinja. Kombinasjonen av kultur, avlingsnivå, geografi og fokus på små og mellomstore bruk har vore ideell for oss når det gjeld tilskotsnivået.

Landbrukspolitiske økonomiske verkemiddel er det få igjen av i verktøykassa for frukt- og grøntnæringa. Difor så helsar me grøntsatsings-tiltaket som vart vedteke under Jordbruksforhandlingane ekstra velkommen. Me kjenner på dette som ein kraftig honnør til arbeidet som vert utført innan grøntsektoren – ein sektor som er prisgitt produsentsamarbeid, gode relasjonar til omsetjar, internasjonale marknadsforhold og forbrukartrendar.

Det rådgjevande utvalet som no skal staka ut den framtidige kurSEN har ei stor utfordring. Korleis skapa vekst og utnytta marknadspotensialet utan at det resulterer i vedvarande overproduksjon? «Alle» peikar på frukt- og grøntnæringa som næringa med marknadspotensiale. Truleg er dette rett. Personleg trur eg at potensialet i ernæringssamanheng er størst innan grønsaksproduksjonen. Frukt/bær blir mest tilbehør og/eller dessert – anten i fast eller flytande form..

Å utnytta marknadspotensialet i grøntsektoren er ekstremsport, det skal svært lite feilbedømming til for at resultatet vert katastrofalt. Skal ein landa på rett sida av knivseggen så må satsinga føregå i nært forpliktande samarbeid mellom produsent, omsetjar og verkemiddelapparat. Erfaringsmessig veit me veit at litt

overproduksjon – eller berre rykte om overproduksjon – kan resultera i prispress.

Alarmklokken er begynt å små-ringja i epleproduksjonen. Samtidig med nye plante- og dyrkingssystem som gir større avkastning, er store epleplantingar etablert i nye område. Prognosar utarbeidd av Fruktlagerinspektøren frå etablerte miljø indikerer volumauke på om lag 50% i løpet av nokre få år. Korleis handterer marknaden denne auken utan at økonomien i konsumproduksjonen vert svekka?

I Hardanger er samspelet mellom landbruk og reiseliv svært sentralt for totalopplevelingen. Skal totalopplevelingen leva vidare må fruktmiljøet i Hardanger også i framtida vera motivert av god økonomisk avkastning frå drifta samtidig som rammevilkåra vert lagt til rette for drift i det bratte fjordlandskapet. Difor har det rådgjevande utvalet også eit stort samfunnsansvar når langsiktig kurs skal stakast ut for frukt- og grøntnæringa.